

922344566

ÅSEBØ SAU OG FISK

**Mobilnummer**

958 73 708

**E-postadresse**

gauteasebo@gmail.com

**Kontonummer** \*\*\*\* \* 43490

**Vedtaksdato**

03.12.2021

**Vedtaket er gjort av**

Alver kommune

**Søknadsdato**

31.08.2021

**Vår referanse**

2021/7608, Agros 162144

## Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Revitalisering av gammalt utmarksbeite

---

**Samandrag:** Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 7 900 kroner i tilskot til ÅSEBØ SAU OG FISK til Revitalisering av gammalt utmarksbeite. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.11.2024.

---

Alver kommune viser til søknad av 31.08.2021.

### Bakgrunn i saka

ÅSEBØ SAU OG FISK søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 31.08.2021. Du søker om totalt 18 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.11.2021-01.04.2022. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 36 000 kroner.

Det er søkt om tilskot til inngjerding av gammalt beiteområde på GBNR 346/4. Målet er å restaurere eit gammalt beiteområde, med mellom anna rydding av kratt og einer, felling av lauvskog, gjerding og bruk som beite.

Driftsformen på garden er sau, og det er trong for meir beite for å halda oppe dyretalet.

### Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom til tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også først journal over korleis plantevernmidde som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12, jf. §7. Administrasjonen har gjennomgått artskart og naturbase, og etter ei samla vurdering komme fram til at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Gjerding og stell av innmarksbeite/ gammal kulturmark inkludert utviding av eksisterande beiteområde er prioritert i henhold til gjeldande SMIL-strategi for Alver kommune. I følge rundskriv (Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket - kommentar til regelverk) vil etablering av beite i skog og utmark ikkje vere omfatta av SMIL-ordninga med mindre området kan klassifiserast som gammal kulturmark.

Det omsøkte arealet er klassifisert som skog, men flybilette syner at her er fleire opne område som ser ut til å bera preg av beiting. Eldre flybilette (Meland-Lindås 1966) syner at området tidlegare har vore langt meir opne og hatt eit tydeleg preg av beiting. Søkar oppgir og at området har vore i bruk som beite tidlegare. Området ligg nært tunet på garden og det er såleis naturleg at det har vore brukt som beite. Området utgjer ei naturleg utviding av dagens innmarksbeite. Kommunen meiner at delar av området kan klassifiserast som gammal kulturmark. Ut frå kart i søknad ser det ut som at den omsøkte gjerdetraseen er ein naturleg og effektiv måte å få gjerda inn desse områda. Beitet er del av eit større område med fine kulturlandskapskvaliteter på Åsebø. Kommunen vurderer at tiltaket vil bidra til å ta vare på og utvikla jordbruket sitt kulturlandskap. Tiltaket vil og ha betydning for å sikre eit levedyktig bruk og ei levedyktig grend.

## Vedtak

Alver kommune har vedtatt å løyve inntil kr 6 400 til inngjerding av gammalt beiteområde på GBNR 346/4. Det vert og løyvd inntil kr 1 500 til grinder.

Det er manglande samsvar mellom kart som følgjer med søknaden og opplysningar i søknaden. Tilskot er berekna ut frå gjerdetrasé vist i kart, altså 160 meter med gjerde. Kommunen nyttar standard sats for kostnad til gjerding på 80 kr per løpemeter. Det er oppgitt i søknaden at det er trong for grinder der gjerdet kryssar skogsvegen to stader. Standard sats for godkjent kostnad til køyregrind er 1 500 kr / stk.

Tiltak	Kostnad
Gjerde 160 m * 80 kr/ m	12 800
Køyregrind 2 stk * 1500 kr/stk	3 000
SUM Kostnad	15 800
Tilskot (50% av kostnad)	7 900

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 7 900 kroner i tilskot.

## Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.11.2024. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein måned før oppsett frist går ut.
- Gjerdet skal vera permanent og utførast med varig kvalitet, med trykkimpregnerte pålar, gjerdenot, toppstreng og bendsletråd.
- Området skal nyttast til beite i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

### **Rapportering og utbetaling**

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal innehalda rapporteringsskjema, timeliste, bilag på innkjøpt materiell og foto av utført tiltak.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bedt om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggst ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 15 800 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

### **Kontroll**

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

### **Omgjering, tilbakebetaling og motrekning**

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

### **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

### **Meir informasjon**

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge